

## **Årsmøte i Odda Mållag søndag 23.02.20 kl 18.00 i Ungdomshallen i Odda.**

Det var 18 frammøtte. Innkalling til årsmøtet med årsmeldinga var opptrykt og var skriftleg distribuert til medlemene på e-post, med brev og som dugnad frå styret.

Leiar i laget Knut O. Dale ynskte velkomen.

**Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste.** Ingen hadde merknader

**Sak 2. Val av ordstyrar, møteskrivar og protokollunderskrivarar.**

Desse vart valde: Johannes H. Sekse (ordstyrar) og Harald Jordal (møteskrivar). Protokollunderskrivarar: Vigdis Marie Knudsen og Eli Raa Nilsen

**Sak 3 Godkjenning av årsmelding for 2019**

Knut O. las opp eitt samandrag av årsmeldinga som Kristen D. Eitrheim hadde laga. Då årsmeldinga var distribuert på førehand, var det ingen som ba om at heile årsmeldinga vart opplesen i møtet.

Merknader frå Sigrid Espeland Lerbak:

***a. Det står i årsmeldinga på side 1 at Marit Bleie Mannsåket er vald som kasserer?***

Håkon Tverdal : Det er feil. Det er eg som er kasserar i laget. Marit et rekneskapsfører.

***b. Det norske arbeidarparti skifta namn i 20111 og heitet Arbeidarpartiet ( øvst på side 8)***

***c. I same avsnitt går "...., i alle fall ikkje frå Høgre og DNA" ut***

Det vart ikkje opna for debatt til dei framsette merknadane. Ingen sa imot realinnhaldet.

**Samrøystes vedtak**

Med dei framsette merknadane vart årsmelding samrøystes godkjend.

**Sak 4. Godkjenning av rekneskap 2019**

Rekneskapen vart delt ut i møtet og lesen opp av revisor Gerd K. Hereide.

Revisjonsmeldinga vart lesen opp av møteleiar Johannes H. Sekse.

Kjell Arne Tokheim reiste spørsmål til momsføringa i laget. Kasserer Tverdal og revisor Hereide orienterte, og tilrådde noverande praksis som den beste. Ingen sa imot.

**Sak 5. Val** Leiar i valnemnda Sigrid Espeland Lerbak las opp innstillinga

Styreleiar: Knut O. Dale 1 år ( attval)

Styremedlem: Harry Solberg 2 år (“)

Styremedlem : Solveig Grønlien 2 år (“)

**Varamedlemer: alle 1 år**

1. Gry Folkvord
2. Ingvild Jøsendal
3. Britt-Janne Meland

*Håkon Tverdal og Harald Jordal var ikkje på val.*

**Framlegget frå valnemnda vart sam. vedekte**

**Sak 6. Valnemnd.**

Knut Dale : Innstillinga frå styret er 1, Sigrid E. Lerbak 2 Olav Tveita og 3 Ingebjørg Eitrheim Nondal

Vedtak; samrøystes vedteke

**Sak 7 : Val av revisor**

Samr. vedteke : Attval for 1 år v Gerd K. Hereide

**Sak 8. Utsendingar til landsmøtet i NM 24. - 26. april på Sola og til årsmøtet i Hordaland Mållag (HML) 21. - 22. mars i Bergen.**

**Føreslegne og samrøystes valde:**

**Utsendingar:**

**Noregs Mållag:**

1. Harald Jordal
2. Knut O. Dale
3. Gry Folkvord

**Vara i rekke**

1. Ingvild Jøsendal
2. Britt-Janne Meland
3. Sigrid Espeland Lerbak

**Hordaland Mållag**

Dei same som til årsmøtet i NM med unntak av Harald Jordal

**Sak 9 : Målprisen 2019**

Harald las opp forslaget til styret. (Grunngjevinga vert sendt til pressa )

**Samr. vedtak. :** Oddbørn Lynghammar vert tildelt Målprisen for 2019.

Til slutt takka Knut O. Dale for tilliten.

Møtet slutt kl 19.00

Rett protokoll:

Vigdis Marie Knudsen

Eli Raa Nilsen

signatur,

signatur

*Vigdis Marie Knudsen*



Kaffi med god drøs og Solveig Grønlien sin framifrå bakst.

**Ope møte der leiar i styret for Landsamansluttinga av nynorskkommunar (LNK) - Solfrid Borge orienterte omfattande om organisasjonen sitt virkefelt og arbeidsoppgåver.**

I ordskiftet etterpå lova Borge å ta opp Oddamodellen- dvs utvida noveander forskiftsfesta rett til å kunna gå i språkdelte klassar ikkje berre på barnesteget men og på ungdomsteget. Denne modellen som har vore prakisert i Odda i over 100 år, men som no er fjerna av påståtte økonomisk årsaker, har vist seg å vera eit tiltak som reduserer målbyte til bokmål - ei utvikling som og svekkjer LNK sitt mandat som organisasjonen

Forsvar retten til å gå i språkdelte klassar i grunnskulen!!.